

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 12.12.2018
SAKSHANDSAMAR: Lasse Hatletvedt
SAKA GJELD: **Årleg melding 2018**

STYRESAK: **119/18 A**

STYREMØTE: **19.12.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen HF vedtar Årleg melding for 2018.
2. Styret i Helse Bergen HF gir administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytte til desse tala før Årleg melding blir sendt til Helse Vest RHF 15. januar 2019.

Oppsummering

Årleg melding er ein rapport som viser korleis Helse Bergen HF har følgd opp dei ulike punkta i styringsdokumentet frå Helse Vest RHF. Innhaldet tar for seg dei helsefaglege, økonomiske og organisatoriske styringskrava. Det er også ein gjennomgang av strategi- og plandokumenta for 2018.

Fakta

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest RHF. I rapportdelen er kvart kulepunkt eit oppdrag henta frå styringsdokumentet for 2018. Status på oppdraget blir kommentert i ein kort påfølgande tekst.

Kommentarar

Årleg melding er først og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og viser ikkje ei samla oversikt over alt utviklingsarbeidet som skjer i Helse Bergen.

Årleg melding for 2018 skal godkjennast av styret i Helse Bergen HF og sendast til Helse Vest RHF innan 15. januar 2019. Fordi aktuelle rapportar frå 2018 av naturlege årsaker ikkje er klare innan fristen for styresaka, inneheld Årleg melding 2018 datagrunnlag berre fram til oktober/november.

Konklusjon

Helse Bergen HF har i stor grad greidd å levere gode resultat på dei oppdraga som er gitte i styringsdokumentet for 2018.

Vedlegg :

1. Årleg melding 2018